



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 41, 24. november 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.ropen@hivolda.no](mailto:johann.ropen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### Stadig fleire toppkompetente kvinner

Høgskulen i Volda har dei siste seks åra dobla talet på kvinnelege tilsette med toppkompetanse, altså professorar og dosentar. Det siste året har fem kvinnelege tilsette fått opprykk til professor eller dosent, og kvinneandelen blant dei toppkompetente har dermed auka frå 26 til 37 prosent.

[LES MEIR](#)

### Sosialarbeidarstudien tar tek praksis i utlandet - også i Afrika

Ein tredel av studentane på bachelor i sosialt arbeid har valt praksis i utlandet i haust. Og fleire har valt stader utanfor Europa, blant andre Tanzania og Kenya. Dette er første gong sidan 2019 at studentane kan reise i utanlandspraksis.

[LES MEIR](#)



## Animasjonsstudent vann spel-pris

Nicolai Wøner Voss går 3. året på bachelor i animasjon ved Høgskueln i Volda. Saman med mange andre studentar og andre i bransjen arbeider han med strategispelet Broken Banners, som har vorte kåra til "Game of the Year" og "Best Gameplay" på Norwegian Game Awards (NGA).

[LES MEIR](#)

## Ny leiar på Nynorsksenteret

[Synnøve Marie Sætre](#) er ny leiar på Nynorsksentret. Ho meiner det viktigaste framover vert digitale læremiddel på nynorsk. Les meir om kva ho tenker om arbeidet ved det nasjonale senteret for nynorsk i opplæringa ved Høgskulen i Volda.

[LES MEIR](#)

## Styre og stell




## **Her er kandidatane i rektorvalet**

Fristen for å nominere kandidatar til rektorvalet ved Høgskulen i Volda gjekk ut 10. november. Dei foreslårte rektorkandidatane hadde frist til 24.11.2022 med å kome med kandidatar til prorektorvervet, sidan rektor og prorektor vert valde i lag. Tre kandidatar vart foreslått, men to av dei fekk av ulike grunnar innvilga fritak frå valstyret.

Kandidaten som står att er noverande [prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim](#), og som prorektor-kandidat stiller [professor Eirik Søvik](#). Odd Helge Mjellem Tonheim har vore prorektor sidan 2019 og har permisjon frå stilling som førstelektor i matematikkdidaktikk på institutt for realfag ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Professor Eirik Søvik er instituttleiar på Institutt for realfag. Begge er busette i Ørsta. [Valprogrammet til det nye rektoratet vil bli presentert på nettsidene til høgskulen](#). Valperioden for det nye rektoratet er for åra 2023-2027, og det nye rektoratet tek til i sine verv 1. august 2023.

Valstyret og leitekomiteen sett ned av styret har arbeidd mykje for å få fleire kandidatar til å stille til val. Blant anna bestemte valstyret seg for å utvide nominasjonsperioden for å gi rom for at det også kunne nominerast to proktorkandidatar som kunne dele ei 100% stilling. Det kom ingen nye kandidatar som følgje av dette. Valstyret vil arrangere høyring om og med rektorkandidatane 5. eller 6. desember og sjølv valet blir gjennomført 9.-16. desember. [Les meir om rektorvalet på nettsidene til valstyret](#).



## **Arbeidet med symjehallen startar 1. desember - endring i parkering**

Volda kommune har teikna kontrakt om å bygge symjehall ved Volda Campus Sparebank1 Arena (VCA). Arbeidet skal utførast av firmaet Christie og Opsahl og startar 1.desember 2022 og vil halde på i to år. Parkeringsområdet ved VCA vil bli brukt til riggområde og avsperra. I staden blir parkeringsområdet ved Aasen-huset opna på nytt i byggetida. Tilsette og studentar må også rekne med at Joplassvegen kan bli stengt i korte periodar i byggetida.

## **Dei lokale lønsforhandlingane for 2022 er gjennomført**

Dei tilsettes organisasjonar og høgskuleleiinga har denne veka avslutta dei lokale lønsforhandlingane for 2022. Det har vore ein rekordstor pott til fordeling i dei lokale forhandlingane og også i åra framover må ein rekne med at ein større del av fordelinga av potten blir fordelt lokalt. Alle som har fått lokale tillegg har fått eller får informasjon om resultatet av forhandlingane 24. eller 25. november.

## **Omorganisering i studieadministrasjonen: Studium og eksamen**

Studieadministrasjonen har omorganisert studiekonsulentgruppa. Studiekonsulentane vil ikkje lenger ha sine faste studieprogram-/tilbod, men blir delte i to lag etter kva oppgåver dei har:

**Studium og eksamen.**

Studium arbeider med: Registrering og rettleiing av studentar i studieløp, godskrivingssaker, permisjonssøknadar, overgangssøknadar og andre saker relatert til studentane sitt studieløp. Eksamens arbeider med: Planlegging og gjennomføring av eksamen, inkludert tilrettelegging av eksamen. Førespurnader skal rettast på e-post til høvesvis: [studium@hivolda.no](mailto:studium@hivolda.no) og [eksamen@hivolda.no](mailto:eksamen@hivolda.no). Målet med omlegginga er at oppgåvane skal bli løyste sjølv om einskildpersonar er borte på grunn av sjukdom, permisjon eller er borte av andre grunnar.

## **9 søkerar på stillinga som studiedirektør**

Det har meldt seg 9 søkerar på den ledige stillinga som studiedirektør ved Høgskulen i Volda. Stillinga vart ledig etter at Ann Kristin Emblem vart tilsett som direktør på høgskulen. Ein av dei ni søkerane har fått innvilga UOFF. Dei andre 8 er desse (i alfabetisk rekkefølgje):

Gerd-Mette Vatne Drabløs, 50, Oppdal  
Camilla Elin Dahl Humberset, 45, Volda  
Wenche Nesje, 43, Stryn  
Ragnhild Paulsen, 44, Volda  
Ingrid Steinshamn, 38, Ålesund  
Bjørnar Sæterås, 49, Volda  
Lillian Vederhus, 55, Ålesund  
Elisabeth Welle, 54, Ørsta

## **213 påmelde på julebordet**

Fristen for å melde seg på julebordet til HVO er no ute, og i alt er det 213 som har meldt seg på. Julebordet blir i år arrangert av AHL, og det skal skje på Ulstein Hotell 9. desember.

# **Studium og studentliv**



## Sosialarbeidarstudentar tek praksis i utlandet

Ein tredel av studentane på bachelor i sosialt arbeid har valt praksis i utlandet i haust. Og fleire har valt stader utanfor Europa, blant andre Tanzania og Kenya. [Les meir på nettsidene våre.](#)



## Eksamstenstaða har starta

Dei første studentane har alt hatt sine første eksamenar i eksamensperioden hausten 2022. I alt blir det arrangert nærmere 300 eksamenar hausten 2022, går det fram av oversynet over eksamenar. [Her er oversyn over alle eksamenar på Høgskulen i Volda, hausten 2022.](#)

## Menyen i kantina komande veke

Måndag: pasta med tomatsaus og veganfarse(vegar/vegan)  
Tysdag: dampa ørretfilet med juliennegrønsaker, smør saus og poteter  
Onsdag: chili-con-carne med ris og salat  
Torsdag: potetball med tilbehør  
Fredag: Tacobuffé  
Pris: 14,90 pr hg.

## Nytt om namn

**Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)**

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no). Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

## Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

**Forskingssjef Hafsaas intervjuia i "New Scientist"**

[Forskingssjef Henriette Hafsaas](#) har vorte intervjua av verdas største populærvitenskaplege tidsskrift, New Scientist, om si forsking som arkeolog. Artikkelen i New Scientist handlar om den historiske regionen Nubia som låg i området som i dag er Sør-Egypt og Nord-Sudan. Artikkelen har tittelen: "Why ancient Nubia is finally emerging from Egypt's long shadow". [Intervjuet er tilgjengeleg her \(bak betalingsmur\)](#). Artikkelen er også [tilgjengeleg for HVO-tilsette \(krev innlogging\) på denne sida](#).

## Gamlem og Vattøy i International Encyclopedia of Education

[Professor Siv Gamlem](#) og [førsteamanuensis Kim-Daniel Vattøy](#), begge AHL, har publisert artikkelen "[Feedback and classroom practice](#)" i den nye utgåva av International Encyclopedia of Education" (Elsevier).

Målet med artikkelen er å diskutere relevansen av ein dialogisk tilbakemeldingspraksis. Det vert foreslått eit rammeverk for effektiv tilbakemelding i klasserommet. Dette er ein modell basert på rammeverket responsiv pedagogikk. Modellen vert introdusert og beskriven for å visualisere forholdet mellom seks sentrale dimensjonar for tilbakemelding som støtte for læring: Mål, tilbakemeldingsstrategi, tilbakemeldingsinnhald, tilbakemeldingsdialog, meistringsforventningar og emosjonar.

## Hilde Gry Leer-Salvesen har publisert i Uniped

[Høgskulektor Hilde Gry Leer-Salvesen](#), AHL, har saman med 4 andre forskrarar publisert artikkelen "[Digitale lærermiddel i lærarutdanninga](#)" i tidsskriftet Uniped. Leer-Salvesen er med eit forskingsprosjekt saman med kollegaer frå HVL/Stord, UiS og UiB. Dei har intervjua tilsette i lærarutdanningar (GLU og PPU) ved dei same institusjonane om erfaringar og refleksjonar knytt til bruk av det digitale lærermeddelet «Lærar for ein dag».

## Ryslett og Vikane om samisk kultur i barnehagen

[Førstelektor Kari Ryslett](#) og [førsteamanuensis Jan Håkon Vikane](#), begge AHL, har delteke på IRECE 2022 ([International Research in Early Childhood Education Conference](#)) ved Norges Arktiske Universitet i Tromsø 21.- 22.november med posteren: The interdisciplinary practice of Sami culture in Norwegian early childhood education.

## Forskingssjef Hafsaas har anmeldt bok i Springer-tidsskrift

[Forskingssjef Henriette Hafsaas](#) har ute ei bokmelding i tidsskriftet African Archeological Review (Springer, nivå 2). Boka har tittelen: Amarillis Pompei: The Napatan Cylindrical Sheaths. A Catalogue and Analysis of Precious Objects from the Royal Cemetery of Nuri. [Meldinga kan lesast her](#).

# Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

## Lyser ut tre dekanstillingar

Høgskulen i Volda har lyst ut tre dekanstillingar med søknadsfrist 2. januar 2023. Dei tre avdelingane er Avdeling for kulturfag, samfunnsfag og historie og humanistiske fag og lærarutdanning. Dei fireårige åremåla til dei tre dekanane går ut 31. juli 2023.

### Ledige stillingar

[Seniorkonsulent ved Avdeling for samfunnsfag og historie - søknadsfrist 30.11.2022](#)

[Rådgivar med ansvar for forskingskommunikasjon - søknadsfrist 30.11.2022](#)

[Kommunikasjonsrådgivar - søknadsfrist 30.11.2022](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulektor i religion, livssyn og etikk - søknadsfrist 10.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for samfunnsfag og historie - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for kulturfag - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulektor i religion, livssyn og etikk - søknadsfrist 10.1.2023](#)

[Stipendiatsstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.1.2023](#)

## Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

### Faglege arrangement på og ved HVO:

#### Hausten 2022:

24.-25.11.2022: AHL Avdelingsseminar, Loen

1.12.2022: [Startseminar for nye stipendiatar](#), Rokken

8.12.2022: [Høgskulestyret](#)

9.12.2022: Julebord for alle HVO-tilsette, Ulsteinvik

9.-16.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)

15.12.2022: AKF Juleavslutning  
16.12.2022: Juleavslutningar for AHL, ASH og AMF

### Våren 2023:

12.-13.1.2023: GLU-seminar, Loen  
20.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO  
27.1.2023: [Fagdag, geriatri](#), BK Store auditorium  
8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)  
9.3.2023: [Høgskulestyret](#)  
16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar  
11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar  
3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)  
25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO  
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)  
16.6.2023: ASH sommaravslutning  
20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

## Faste lenker:

**LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**  
<https://www.hivolda.no/stilling>

### REKTORBLOGGEN

16.11.2022: [Tale ved opninga av Kaarstad-jubileet: "Kaarstad-huset er 100 - i 100!"](#)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)  
[Tiktok](#)  
[Facebook](#)  
[Twitter](#)  
[Instagram](#)  
[Youtube](#)  
[HVO-bloggar](#)  
[Nynorskcenterets blogg](#).

[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

**STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:**

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)  
[Studentradioen](#)  
[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)  
[Radio Volda](#)  
[Nærsynet](#)  
[Nærnett](#)

## Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](#)  
E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)  
[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)